



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll for Lavik sokneråd 8.mars 2023

Tilstades:

Tonje Førde Systad, Toril Lange, Torunn Styve, Katrin Borlaug Ringereide, Monica Sunde Tjønnås, Rolf Aamot, Geir Sørebo
Rolf og Tonje var med på første del av møtet.

Ord til opning v/ Geir

Godkjenning av innkalling, referat frå 18. jan og sakliste utan merknad.

Meldingssaker:

04/23: Sidan sist:

5. febr og 5. mars: Gudstenester. 15 og 11 tilstades. Positivt at ein del av konfirmantane deltok på kveldsgudstenesta.

18. jan og 8.mars: Myldresamling for førskuleborn kyrkja, 8 born med foreldre (ein stor % av aktuelle). Samlingsstund og enkelt brødmåltid.

1. febr og 8.mars: T-dag 1.-4.kl på kyrkjekontoret; 9 og 5 born (noko sjukdom 8.mars)
Vinterleir på Alværa: 8 born og 2 hjelpeleiarar frå Lavik, elles hadde alle deltakarane ei familiar tilknytting til Lavik. Middag for familiane som avslutning,

Konfirmantane – samling, weekend og andakt på Helsesenteret. Fin kontakt mellom ungdomane og dei eldre.

5. mars: Avskjed med Bjørnar kolliderte med korpsbasar i Lavik (mesteparten av soknerådet er aktive der, difor lite deltaking herifrå.

8. febr: Mat og Prat på Alværa. 9 tilstades. Fin samling. Vi ser i ettertid at vi kunne vore meir aktive med påminning til folk.

05/23: Info frå Fellesrådet -fellesrådsmøte 23. febr 2023

06/23: Invitasjon til samråd om kyrkjeleg organisering. Informasjon om teamsmøte.

Vedtaksaker:

Sak 05/23: Gudstenesteplan/ oppgåvefordeling mars/april/mai 2023

Vi fordelte ein del oppgåver fram til påske, sjå vedlegg Gudstenesteplan.

Når det gjeld Påskemåltidet torsdag 6.april kl 19.00 vil vi legge arbeidsfoerdeling på fb-sida, og reknar med at dei som evt.ikkje kan delta, finn andre til å utføre oppgåva for seg. Vi gjer det slik sidan fleire var fråverande på møtet)

Sak 06/23: Årsfest med årsmøte 22. mars kl. 17.00 på Alværa.

Vi startar årsfesten med middag. Meny: kjøttkaker og pølse med brød. Monica og Torunn deltek på kjøkkenet, ynskjeleg at fleire er med på opprydding/oppvask.

Kaker til kaffien. Tonje bkar glutenfri – fleire som kan bake?

Vi vil takke av Audun og Bjarne som kyrkjetenarar. Dei får ein spesiell invitasjon. Likeeins vil vi gjere stas på kontaktgruppa. Invitasjon til dei også.

Program: Musikk-innslag – born / vaksne

Quiz ved Olav

Fasteaksjonen

Song; Håp i en dråpe +++

Bildeserie: Lavik kyrkjelyd i 2022

Årsmøte med årsmelding og rekneskap.

Geir: Tankar om Lavik kyrkjelyd

Påmelding til Torunn helst innan måndag 20. mars.

Oppgåvefordeling på facebook.

Sak 07/ 23: Fasteaksjonen 2023 - 26. – 28. mars

Konfirmantane skal gå med fastebøsse. Reknar med at foreldre-besteforeldre hjelper til med køyring. Det er 3 roder som konfirmantane ikkje dekker. Monica, Annbjørg og Torunn tek ei rode kvar.

Sak 08/23: Soknerådsvalet.

Arbeidet med kandidatar til lista for soknerådsvalet er kome godt i gong. Pr. no er det 11 namn på lista. Vi prøver å få litt fleire namn på lista før nominasjonsnemnda set opp ei prioritert liste. Frist til å spørje - 20. mars.

Sak 09/23: Aktivitetar vidare.

a) Onsdag 26.april kl 17.00: Dugnad på kyrkjegarden

b) Tysdag 2.mai kl 11: Vask av/i kyrkja før konfirm.gudst. (laurdag 13. mai)

Sak 10/23: Trusopplæringsplan

Det er laga ein konkret og realistisk trusopplæringsplan for 2023. Sjå vedlegg

NB: Neste møte i soknerådet vert Onsdag 3. mai kl 19.00

Lavik 8.mars 2023

Torunn Styve/ref.

Sak 5/23 Gudstenesteplan/oppgåvefordeling vinter/vår 2023

Dato	Arrangement	Kyrkjevert	Klokkar	Takkoffer	Prest/organist/ Kyrkjetenar	Merknad
15. jan kl. 11.00	Tårnagentguds	Katrin	Torunn	IKO	Geir/Gerda/ Olav	
5. febr kl. 11.00	Gudsteneste	Tonje	Torunn	Bibeldagen/ bibelmisjonen	Geir/Gerda/Olav	
5. mars kl. 20.00	Gudsteneste	Rolf	Toril	Kirkens bymisjon	Geir/ Gerda/	
19. mars kl 18.00	Samtalegudsteneste	Katrin	Toril	KFUM-KFUK	Geir/Gerda/Olav	
6. april kl. 19.00	Påskemåltid	Fleire		Eige arbeid	Geir/Gerda	Oppgåvefordeling på facebookside.
9. april kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste	Rolf?	Torunn	Misjon i Mali	Geir/Gerda	
23. april kl. 18.00	Ettermiddags- gudsteneste	Monica	Torunn	Sjømannskyrkja		
13. mai kl. 11.00?	Konfirmasjons- gudsteneste	Monica	Toril	Alværa		
17. mai 13.00	Festgudsteneste				????	
29.mai kl.12.00	Friluftsgudsteneste					2. pinsedag Sjette Gildervika Egil Norevik
04. juni 11.00	Alværastemnet					Stiftingsmøte Alværaforeninga

Trusopplæringsplan Lavik sokn 2023

Mål, grunnlag og organisering.

Vi har ønske om at alle born og unge i soknet:

- skal kjenne at dei er elska av Gud
- skal få ei levande tru på Jesus
- skal kjenne at kyrkja er ein naturleg del av livet deira
- skal få vere ein del av eit kristent fellesskap
- skal ta vare på kvarandre og skaparverket
- skal ta vare på og bli trygge i den kristne kulturarven

Grunnlag og særpreg.

Lavik sokn har ei kyrkje og her ligg kyrkjekontoret. Bygda har barnehage og barne-og ungdomsskule. Ungdomen flyttar ofte vekk når dei er ferdige med ungdomsskulen. Tilbod til barn og unge er 4H, korps, fotball, skiaktivitetar, skyting, dans, pianoundervisning.

Kyrkjelyden har ingen kontinuerlege tiltak, men fleire av trusopplæringstiltaka kan nesten definerast som fast tilbod.

Barnekulla er svært varierende og ofte små. Difor er alle trusopplæringstiltak for meir enn 1 alderstrinn. Å slå i saman fleire trinn, har vi god erfaring med.

Mange frå Lavik reiser på NMSU-leirar på Alværa. Soknerådet sponsar kr 200,- per barn, per leir. Soknerådet ser også på leir som eit trusopplæringstiltak.

Lavik kyrkje har omtrent 18 gudstenester i året.

Organisering

Kyrkjelydspedagogen, Toril Lange, har hatt hovusansvaret for trusopplæringa frå 2010 til 2021. Saman med frivillige har ein kunne samle born og unge til ulike aktivitetar i løpet av desse åra. Samlingsstaden har vore Balubarommet. I 2022 vart leigeavtalen om Balubarommet sagt opp: No nyttar ein kyrkja eller kyrkjekontoret. Nokre arrangement er også på Alværa.

Det er ikkje trusopplæringsutval i soknet, men soknerådet fungerer som det. Då Toril bur i soknet, vert arbeidet drive på same måte som før, men då på frivillig basis.

Prioriteringar framover – 2023

Soknerådet satsar på følgjande aktivitetar tilrettelagt for born/unge dette året.

Hovudansvarleg er soknerådet

Tårnagenthelg:

Ei helg, laurdag og søndag, i januar. Tilbodet er for tårnagentar (2.-5. klasse) og englevaktar (6. klasse og eldre) Årleg tradisjon.

Myldresamling for born i barnehagealder. Samling i kyrkja ca 3-4 gonger i halvåret.

T-dag(trusopplæringsdagar) er eit tilbod til 1.-4. klasse; ca 3-4 gonger i halvåret. . Dei siste åra har t-dagane vore i SFO-tida på onsdag. Samlinga er på kyrkjekontoret.

Fredagskveld på kyrkjekontoret/Alværa

var eit tilbod for dei frå 5. klasse og eldre. I 2022 var det vanskeleg å finne høveleg fredag pga mykje anna aktivitet. Vi vil prøve å få til 1 samling i semesteret dette året.

Påskekalendar til barnefamilie. Soknerådet vil dele ut IKO sin påskekalendar anten i postkassene eller viss det vert familiepåskevandring, i samband med den.

Minikonfirmantar er tenkt for skuleåret 2023/2024 for dei som då går i 5.-7. klasse/evt frå 4. klasse. Oppstart anten hausten 2023 eller jan/febr 2024.

Haustattakkefest i siste halvdel av september

med utdeling av bøker til alle born. I forkant av haustattakkefesten: **4- og 6 årssamling.**

Familiesamling/friluftsgudsteneste

Laurdag 1. oktober 2022 inviterte soknerådet til ein familiedag på Alværa i samband med konsert med «Naboen min.» Vi vil prøve å få til ein **familiedag/aktivitetsdag** i løpet av hausten 2023 også.

Friluftsgudsteneste for heile familien er det ikkje tradisjon for i soknet. Men under pandemien var det ei kjekk friluftsgudsteneste rundt bålpanna. Dette freista til gjentakning. Difor satsar vi på friluftsgudsteneste for heile familien 2. pinsedag.

Årsfesten /årsmøte til Lavik sokneråd vert til lagt rette for barnefamiliar og har siste åra fungert som ein årsfest for heile familien.

Konfirmantane 2022/2023 har fellesopplegg med Hyllestad-konfirmantar.

Soknepresten i Hyllestad har ansvar for opplegget som til vanleg er i Hyllestad kyrkje. Vinteren 2023 har dei også hatt nokre samlingar i Lavik saman med Geir Sørebo og Toril Lange for å førebu besøk på Helsesenteret og Samtalegudstenesta.

Lavik sokneråd

8. mars 2023